

Referat foreldremøte 25.aug.2020

Felles informasjon

Fagfornyng:

Det er nye læreplanar frå august 2020. Dei nye læreplanane er meir komprimert i forhold til dei gamle. Det er færre kompetansemål, færre ting som skal lærast. Men skulen skal gå meir i djubden. Djubdelæring er eit viktig omgrep i dei nye læreplanane. Me skal jobba meir tverrfagleg og meir digitalt. Det vil bli ein del nye bøker på grunn av fagfornyng.

Transponder:

Skulen ønskjer at fråver blir registrert som fråver på transponder. Trykk på "fraværsmelding" dersom du skal registrere fråver.

Meldingar som gjeld elev skal først til kontaktlærer.

Symjeopplæring:

Det vil bli symjing kvar fredag frå 30.oktober til 11.desember. Plan for symjeopplæring ligg på heimesida.

Trafikktryggleiksplan

Skulen har ein trafikktryggleiksplan. Denne er på heimesida. Det viktigaste nå i mørketida er: REFLEKS!

BTI - Betre tverrfagleg innsats

BTI er ei nettside der ein kan melde frå dersom du lurer på om eit barn eller ein ungdom treng hjelp.

Psykologisk førstehjelp

Skulen har undervisning i psykologisk førstehjelp. Det skal vere til hjelp for barna å sette ord på problem.

TL - Trivselsprogram

Fire elevar frå 4.-7.klasse blir valt til TL-leiar. Dei arrangerer leikar to friminutt i veka.

Heimesida

Det er lurt å melde seg på for å få melding om når det blir lagt ut ny informasjon. På heimesida finst mykje informasjon. Skuleruta og årsplanar blir lagt ut der, i tillegg til ein del andre skuledokument.

Korona

Me har ein smittevernrettleiar. Nå er me på gult nivå. Det er viktig med avstand og handvask på skulen og at elevar ikkje blir sendt på skulen når dei har luftvegssymptom.